

## RFF Møre og Romsdal løyver 13,6 mill. kroner til hovudprosjekt

Kamp mot gråskimmel på jordbær, robothjelp på varelageret, sildemelke som helsekost og digital formidling av kulturarv. Her er lista over kven og kva som får støtte frå Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal.

PUBLISERT 7. OKT. 2020

Styret i Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal behandla 15. september søknadane til hovudprosjekt, som vart lyst ut før sommaren.

### Desse forskingsprosjekta får støtte:

Atlantic Lognline	Produksjon og verdiskaping for frosne hvitfiskhoder fra lineflåten	Sintef Ocean	1 800 000
Currence Robotics	Optimal volumutnyttelse i grossistbransjen med bruk av kunstig intelligens	Sintef	2 100 000
Rimfrost	Ny hydrolyseprosess for krill til humant konsum	Sintef Ocean	1 500 000
M&R fylkeskommune	Digital formidling av kulturarv	NTNU Vsm	1 900 000
Redox	Ozonert vann mot botrytis (gråskimmel) i jordbær	Norsøk	2 100 000
Møreforsking	Pilotlinje for kommersiell utnyttelse av sildemelke	Møreforsking	700 000
ÅKP / Legasea	Effektiv og bærekraftig utnyttelse av sidestrømsprodukter	SINTEF	700 000
Abyss Aqua	Optimalisering av notvaskoperasjoner (OPTIVASK)	Møreforsking	700 000
Kitin	Energieffektiv og skånsom produksjon av krill	SINTEF	700 000
NTNU	A Dashboard System for Maritime Crane Condition Monitoring	NTNU	700 000
NTNU	The impact of sialic acid on growth and infectious diseases	NTNU	700 000

Så langt i 2020 er det delt ut 25 285 000 kroner til forskingsprosjekt. Ved inngangen av året hadde fondet eit budsjett på 16 mill. kroner. Grunna pandemien har Møre og Romsdal fylkeskommune og Kunnskapsdepartementet løyv ekstraordinære tilskot slik at ramma for 2020 er på 30 mill. kroner. Støttegraden er auka frå 50 prosent til 70 prosent.

Regionalt forskingsfond er ei ordning for å styrke forskningsevna i Møre og Romsdal gjennom tilskot til forskingsprosjekt og auka FoU-innsats. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som forvaltar ordninga.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 30. juni 2026, kl. 05.48 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.